

Stiftelsen for den norske Okkupasjonstid 4


Warden

Torsdag 26. august 1993

Siste side

Dylen: 15,9
Tveitsund: 16,3
Jomfruland: 17

Maxi
Varmest igår, 19,6
grader, på Nelaug.
Mini
Kaldest igår, -1,1
grader, i Siccajavri.



Solen opp 6.07, ned 20.39. Dagen er 5 min. kortere enn igår og avtar fra solverv 3 t. 58 min. Månen opp 17.56.

FLO OG VANN

Høyvann 1.25 og 13.51. Lavvann 7.22 og 19.42.

Bok om Quisling-slekta

BØKER

Om Vidkun Quisling er det skrive mykje, fleire bøker berre om han eller saman med andre. Nå har vi fått endå ei bok knytt til dette namnet som ikkje har hatt så særleg god klang dei siste omlag 60 åra i alle fall.

Om sjølve forræderen som var fødd i Fyresdal og budde der dei første sju åra til prestefamilien flytta til Drammen, seinare Gjerpén, er det vel ikkje noko serleg nytt å finne på.

Astrid Svalestog Ormtveit i Fyresdal har på eige forlag skrive ei bok på vel hundre sider om ættesoga til Quisling-slekta frå det 14. århundre til 1945, og der ho sjølv-sagt også streifar ein god del innom det gåtefulle mennesket og skulelyset, karrierejagaren Vidkun, som ikkje eingong far hans kunne bli klok på.

Det at han tok mål av seg til å bli prest i Fyresdal etter krigen fortel om mogleg noko om kva tankar han kunne ha om seg sjølv. I fødebygda hadde han tidlegare kasta ut prestefamilien Irgens un-

der eit forferdeleg opptrinn. Men til Fyresdal lengta han ofte og var ikkje sjeldan på hvitta si ved Homvatn i heiane mot Nissedal.

Ormtveits bok er inga ruvende verk, og lite er det gjort av det utstyrmessige. Dei mange fotografia tapar seg sterkt der dei er attgitt som fotostatkopi med dårlege detaljar. Forfattaren nemner at mange meiner okkupasjonstida ville ha vore endå hardare for oss nordmenn utan Vidkun. Personleg hadde ho gjerne sett at han hadde fått ein annan dom.

Ei kule gjorde som kjend slutt på livet hans i september 45. Bror hans, Jørgen som døydde i 1954 og som så langtfra var NS-mann, hadde ein stutt kommentar då han fekk meldinga om at Vidkun ikkje var meir - "Det var da som fanden, hvis det er tilfelle at han er skyld i så mange menneskers død, er han ikke verd annet. Basta".

Og ein annan gong, under krigen då Jørgen var i selskap hos han på Gimle i Oslo, helsa Føreren med Heil og sæl. Jørgen for sin del del helsa attende med - "Heil og sæl i bjønnefua". Dette tok broren så fornærmeleg opp at han ga Jørgen ei høveleg bot. Tanta, Malene, skreiv til Jørgen at

folk i bygda hata både Vidkun og namnet og det er dei som vil søkje om nytt namn.

Under opphaldet i Russland fann som kjend Vidkun seg kone, Alexandra, men dei heldt lag berre eitt år. Han møtte den neste, Maria, og tok med seg bae to heim til Norge. Alexandra reiste til Paris, men hang på han som kleggen og skreiv mange brev - som Maria hadde jobben å svare på. Vidkun og Alexandra fekk ikkje noko papir på skilsmålet, visstnok vart det heller ikkje formell gifting med han og Maria. Alexandra, som flytta til California, lever enno og vart godt kjend som målar, skriv forfattaren.

I slekta var det mykje gjævt folk, og ni prestar sidan 1530. Frå Kvislemark i Danmark kom Lauritz Ibsen på 1600-talet, fem egenerasjonar før Vidkun.

Innflyttaren tok tilnamnet Quislin som ei slags fornorsking av Kvislemark. Ungane forenkla namnet til Qvislin, men bestefar Lars Abraham som var lensmann i Fyresdal, la til ein g.

Ormtveit har streifa innom slekter og prestar i slektsaman-

hengen, kor dei var og budde. Den dugande, men hardhjarta og griske storbonden og lensmannen Rasmus Bakka i Nissedal er vi også innom, fødd i 1778 og kjend mann i samtida. Han var oldeefar til Vidkun.

Far til Vidkun, den aktive, kloke og godt omtykte presten Jon Lauritz, får vi også vite ein god del om. Han kom til Latinskolen i Skien før han ar 13 år. 43 år gammel gifte han seg og fekk fekk fire barn. Som pensjonist flytta han attende til Fyresdal, til Jonsborg i Hegglandsgrend. I denne tida var 19 år gamle Einar Østvedt frå Skien i Fyresdal som huslærer hos presten Hauge og 79 år gamle "Jon prest" skulle lære han latin to gonger i veka. Den seinare dr. philos. Østvedt fekk som siste ord frå gamlepresten at han ikkje var eit lykkeleg latin-menneske før han kunne lese Horats på senga.

Sigrid Ormtveit har hatt god litteraturstøtte som bakgrunn for boka si, men her er då også personlege svip over eindel av stof-fet.

Eilert Kvernes

Blomst mange



ELDST I LANDET: Is ikke innehaveren I Alf Erik I

